

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen

onsdag 17. februar 2021, kl. 18.00

Sak 1 Velkomen / opning

Marit Kvamen ynska velkommen.

Det var 30 deltakarar med røystrett og 4 utan røysterett.

Sak 2 Konstituering

2.1 val av ordstyrarar

Vedtak: Irene Bjørke og Torbjørn Lauen

2.2 Godkjenning av forretningsorden

Irene gjekk gjennom tekniske detaljar og dagsorden på det digitale årsmøtet som vart halde på teams.

Vedtak:

Innlegg, replikk eller dagsorde;: skriv i chatten.

Røysting; “rett opp handa-knappen”.

Framlegg; send e-post til maritk93@hotmail.com

Ei innlogging = ei røyst (to stk kan ikkje dela skjerm / innlogging)

2.3 godkjenning av innkalling

Innkalling vart send ut digitalt (Bodstikka, nettsider og facebook)

02.02.21

Vedtak: Innkallinga vart godkjend.

2.4 godkjenning av saklista

Saklista vart send ut digitalt (Bodstikka, nettsider og facebook) 02.02.20

Vedtak: Saklista vart godkjend.

2.5 val av skriparar

Vedtak: Gro Vetås og Borghild M. Opdahl

2.6 val av protokollunderskriparar

Vedtak: Nina Blågestad og Frode Myhra

2.7 val av teljekorps

Vedtak: Marit Kvamen og Gro Vetås

Desse hadde ordet i saka: Helge Svartveit, Stig Indrebø og Marit Kvamen.

Sak 3 Årsmelding for 2020, med rapport for arbeidsprogrammet 2019-2020

Lars F. Smaaberg legg fram årsmeldinga og førebels rapport for arbeidsprogrammet.

Han snakka om det spesielle året som har vore, og trakk fram mykje god barne- og ungdomsaktivitet, med kreative løysingar. Vidare fortalde han om ma sommarkurs, ny teatergruppe, digital 17. maifeiring og digitalt julelagsmøte.

Tilråding frå Rådet den 29.01.21: *Det er imponerende kor mykje styret og laget har fått til i dette "annleis-året", særleg i arbeidet med born og unge. Rådet har Ingen kommentarar til innhaldet. Årsmeldinga vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Vedtak (Samrøystes):

Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2020 for Bergen ungdomslag Ervingen, og tek rapport om arbeidsprogrammet 2019-2020 til vitande.

Sak 4 Rekneskap for 2020

Einar Moberg legg fram rekneskapen for laget. Han gjekk gjennom både resultatrekneskap og balanse for laget. Balansen er i ubalanse, og dette må ordnast med rekneskapsbyrået.

Frode Myhra legg fram rekneskapen for fond- og eigedomsstyret.

Desse hadde ordet i saka: Helge Svartveit, Eldbjørg Gunnarson, Torbjørn Haukås, Hans Nyeggen, Marit Kvamen, Nils Tore Skoglund, Halvor Røyseth og Øystein Erstad.

Tilråding frå Rådet den 29.01.21: *Rådet fekk rekneskapa etter styrehandsaming, men før revisjon. Leiar Marit avklarte ein del postar. Ifylgje dagleg leiar vil det koma inn dugnadspengar for 2020, slik at resultatet blir noko betre.*

Rekneskap for laget og Fonds- og eigedomsstyret vert tilrådd godkjent av årsmøtet, så framt revisorane godkjenner dei.

Ordstyrarane las revisjonsmeldinga dater 15. feb 2021

Framlegg til tilleggsvedtak frå Nils Tore Skoglund: *«Årsmøtet ber styret gjennomgå regnskapsrutinar og vurderer overgang til eit rekneskapssystem som gjer slutføring av årsregnskap enklare. Bør også vurderer å bytta rekneskapsfører».*

12 årsmøtedeltakarar røysta for framlegget medan 18 røysta mot eller var avhaldande. Framlegget fall.

Vedtak:

- a. Årsmøtet godkjenner rekneskap for laget 2020, gjeve at balansen vert gjennomgått med revisor og rådet. Overskotet på kr. 4651,- vert lagt til eigenkapitalen.
- b. Årsmøtet godkjenner rekneskap for fond- og eigedomsstyret 2020.

Pause kl19.1-19.30, med «årsmøtelotteri-trekking» v/ Marit Kvamen

Vinnar av årsmøtelotteriet er Åshild Margrete Østtveit Odeen.

Sak 5 Arbeidsprogram 2021-2022

Renathe Nilsen la fram saka. Ho snakka om lagsbygging og aktivitet i laget, at mykje har vorte avlyst og utsett i 2020, og at styret ynskjer å jobba vidare med mykje av det same som sist periode. Felles aktivitetar for heile laget, td NU jubileum, større fellesprosjekt som kan vera samlande for laget og fungera som rekruttering. Styret ynskjer å fokusera på å rekruttera fråfalne medlemmar, samt nye medlemmar. Og så i tida som kjem vil det vera digitale samlingar, om de ikkje let seg gjera med fysiske samlingar.

Vedtak:

**Årsmøtet vedtek arbeidsprogram for Bergen ungdomslag
Ervingen for 2021-2022**

Vedteke mot ei røyst.

Sak 6 Budsjett 2022

Einar Moberg la fram budsjettet for laget.

Frode Myhra la fram budsjettet for fond- og eigedomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 29.01.21: Styret har sett opp eit budsjett i balanse, irekna inntekter frå Reservefondet. Det er lagt opp til normal aktivitet, trass i koronapandemien. Om vi må avlysa, vil det kunna søkjast om kompensasjon etter regelverket (som rett nok blir endra ofte). Budsjett 2021 vert tilrådd godkjent av årsmøtet.

Vedtak (samrøystes):

- a. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2021 for laget.
- b. Årsmøtet vedtek budsjettet for 2021 for fond- og eigedomsstyret.

Sak 7 Medlemspengar 2022

Mari Kvamen legg fram saka, der styret går inn for uendra medlemskontingent og aktivitetsavgift.

Vedtak (samrøystes):

Medlemspengar 2022:

Vaksne kr 700
Barn og ungdom t.o.m. 26 år kr 500

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemmar som deltek på ein eller fleire faste øvingar i laget; kr. 500,- pr. år. (250,- pr halvår)

Sak 8 Fråsegner

Det har ikkje kome inn fråsegner.

Sak 9 Val

Leiar i valnemnda, Borghild M. Opdahl la fram saka på vegne av valnemnda.

Vedtak:

Lagsstyret

Leiar	Marit Kvamen	Ny, 1 år
Medlem	Marianne Pedersen	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Dag Inge Bøe	Ny, 2 år
Medlem	Renathe Nilsen	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Irene Bjørke	Ny, 2 år (tidl. 1.vara)
Varamedlem	Åshild Margrete Østtveit Odéen	Ny, 1 år
Varamedlem	Inga Myhr	Attval, 1 år
Varamedlem	Nina Blågestad	Attval, 1 år

Rådet

Leiar	Borghild Opdahl	Ny, 1 år
Medlem	Sverre Sundvor	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Eli Randmo	Attval, 2 år
Medlem	Stig Indrebø	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ingunn Skjelvan	Attval, 2 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	Attval, 1 år
Varamedlem	Gunn Inger Sture	Ny, 1 år

Fond- og eigedomsstyret

Leiar	Arnvid Underlid	Attval, 1 år
Medlem	Frode Myhra	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Bjørn Feltens	Ny, 2 år
Medlem	Bente Kristin Humborstad	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Vegard Opheim	Attval, 2 år

Folkedanslaget

Leiar	Marit Kvamen	Attval, 1 år
Medlem	Stig Indrebø	Attval, 2 år
Medlem	Gunn Inger Sture	Ny, 2 år
Medlem	Sverre Sundvor	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ingeborg Nilsen	Ikkje på val, 1 år att

Ungdomsgruppa

Leiar		På val, 1 år
Medlem		På val, 2 år
Medlem		På val, 2 år

Ungdomsgruppa vert lagt til lagsstyret

Barnelaget

Leiar	Karin Møssler	Ny, 1 år
Medlem	Yvonne Dahl	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Jorunn Espetvedt	Attval, 2 år

Koret

Leiar	Dag Inge Bøe	Ny, 1 år (tidl. vara)
Medlem	Julian Merlin Ertel	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Oda Strøm Oksholm	Attval, 2 år
Vara	Selinn Sannes	Attval, 1 år
Vara	Sigrid Vinje-Christensen	Ny, 1 år

Jr.laget

Leiar	Mikko Mikkonen	Attval, 1 år
Medlem	Marianne Rønnestad	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Vigdis Berg	Ny, 2 år

Audhilds

Leiar	Marion Nordvik	Ny, 1 år (tidl. medlem)
Medlem	Marta Lindvik	Ny, 1 år (supplering)
Medlem	Else Bull Jenssen	Ny, 2 år

Hyttenevnda

Leiar	Knut Malkenes	Ny, 1 år
Medlem	Hans Nyeggen	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Stig Vaular	Attval, 2 år

Ettersyn

	Torbjørn Haukås	Attval, 1 år
	Steinulf Tungesvik	Attval, 1 år
Vara	Halvor Røyset	Attval, 1 år

Valnemnda

Leiar	Borghild Opdahl	Attval, 1 år
Medlem	Solbjørg Eik	Attval, 1 år
Medlem	Hans Nyeggen	Attval, 1 år
Medlem	Torbjørn Haukås	Attval, 1 år
Medlem	Frode Myhra	Attval, 1 år

Selsvikklubben vel eigen leiar, Kvedargruppa og Skostredet spøt og slarv vel egne kontaktpersonar. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å peika ut nemndsmedlemmer til teaterlaget og Gimlingane etter trong.

Utsendingar til ulike årsmøte og landsmøte: Lagsstyret får fullmakt til å skaffa all representasjon.

Ordstyrarane takka for seg. Marit takka ordstyrarar, skriparar, teljekorps, protokollunderskriparar. Takk til alle om deltok på møtet, takk til alle som går ut av verv, nye i styrer og gamle i styrer.

Takk for møtet. Marit heva møtet kl. 20.16


Nina Fidje Blågestad


Frode Myhra